

Modellutvikling – Klinisk ernæringsfysiolog

som ressurs helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland





Bakgrunn for prosjektet

Mat og ernæring er eitt av fleire behov som er avgjerande for å oppretthalde god helse og Livskvalitet.

Det er i dag stor variasjon i kor vidt brukarar i våre kommunar får vurdert sin ernæringsstatus, og om ei slik vurdering vert følgt opp vidare.

Talet på eldre vil auke kraftig i åra som kjem, og fleire innbyggjarar vil få ernæringsutfordringar og behov for oppfølging, jfr Leve heile livet reforma.

Det er særleg behov for å kartlegge status i dag og å utvikle ein modell for korleis ein kan nytte klinisk ernæringsfysiolog for å få auka merksemrd, kompetanse og systematikk i dette arbeidet



Kva vil me gjere?

I denne første fasen er det tenkt at prosjektleiar – over ein periode på 6 månader – gjer eit utgreiingsarbeid for å kartlegge status i kommunane når det gjeld

- kunnskap om ernæring i omsorgstenestene
- rutiner og systematikk i ernæringsarbeidet i den enkelte kommune
- analyse av korleis ernæringsstatus er ein del av datagrunnlaget når brukar beveger seg mellom tenester i kommunen og mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Dette vil danne grunnlag for å finne felles utviklingsområde og leggjast til grunn for utvikling av ein modell for korleis nytte klinisk ernæringsfysiolog som ressurs i eit interkommunalt samarbeid.